



HELSE SUNNMØRE HF
Ålesund sjukehus

Vaksenpsykiatrisk avdeling
Langtidsseksjon, 6084 LARSNES

AKTIVITETAR

Posten kan tilby ulike aktivitetar som biljard, bordtennis, air-hockey, krocket, volleyball, turar, trim, bading, sykkelturar, fiske- og fjellturar, kafebesøk, kino og kulturelle aktivitetar.

BESØKANDE

Besøks tid kvar dagar: 15.00-21.00.
Helgar: 11.00-21.00.

TELEFON

Du kan nytte eigen mobiltelefon etter avtale.
Pasienttelefon: 70 16 87 86.
Administrasjon: 70 16 87 70.

Velkomen til Langtidsseksjonen på Larsnes



LITT OM OSS

Larsnes ligg i Sande kommune. Følg skilting mot Årvik. Det tek om lag 30 minutt å køyre til nabokommunane våre, Herøy, Hareid og Ulstein. Når ein skal til Ålesund, Ørsta, Volda og Vanylven er ein avhengig av ferjesamband.

Langtidsseksjonen på Larsnes er ei av seksjonane til Vaksenpsykiatrisk avdeling, Ålesund sjukehus. Seksjonen har 8 sengeplassar, og ligg i landlege omgjevnader. Her er gode muligheiter til friluftsliv, turgåing og fiske. Det er kort veg til sentrum, der ein finn butikkar, bank, frisør, post og bibliotek.



BEHANDLINGSTILBODET

Her på Larsnes har vi ei tverrfagleg personalgruppe, dei fleste med vidareutdanning innan psykisk helsevern. Vi har psykiater, psykolog, sjukepleiarar, hjelpepleiarar, barnevernspedagog, ergoterapeut, fysioterapeut, aktivitørar, sekretær og assistentar. Vi arbeidar for å kunne tilby eit opphald med fokus på trygghet, trivsel og fagleg kvalitet.

Pasientane deltek i samtaleterapi, samtalegruppe, bevegelsesgruppe og fellestur. Ut frå individuelle behov kan pasientane bruke treningskjøkkenet, delta i arbeidsterapien og få tilrettelagt eit personleg treningsprogram.

Lengda på opphaldet kan variere frå veker til månader. Målet er at pasienten kan få ei betre psykisk helse med fokus på meistring i kvardagen.

Under opphaldet arbeider vi med å bygge opp eit nært samarbeid med pasienten si heimkommune. Vi driv også med oppfølgjande verksemd etter utskriving.